

**KONTROLLUTVALET
I GISKE KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato: 17.11.2020 kl.13.00

Møtestad: Giske rådhus,
møterom 3. etasje

Møtet vart leia av Dag Oksnes.

Elles til stades: Asbjørn Furnes, Herman Rørvik Blindheim, Sissel Anita Roald og Inger

Johanne Sund

= 5 voterande

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal. Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsansvarleg revisor Kathrin Haram (til og med sak 20/20) og forvaltningsrevisor Kurt Løvoll.

Ordførar Harry Valderhaug deltok på deler av møtet. Frå administrasjonen møtte kommunedirektør Marianne Stokkereit.

Det var ingen merknader til innkallinga og sakslista blei godkjent.

SAK 18/20 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 1. SEPTEMBER 2020
--

Sakspapir frå kontrollutvalsekretariatet datert 10. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møteboka frå 1. september 2020 vart godkjent.

SAK 19/20 MELDINGAR TIL GISKE KONTROLLUTVAL

Sakspapir frå kontrollualsekretariatet datert 10. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Meldingane blei tatt til vitande. Kontrollutvalet ønskjer å bli halden oppdatert om attestasjonoppdrag frå kommunerevisjonen.

SAK 20/20 PRESENTASJON AV REVISJONSPLAN 2020

Sakspapir frå kontrollualsekretariatet datert 10. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval tek framlagte revisjonsplan 2020 til vitande

SAK 21/20 OPPFØLGING AV KOMMUNESTYRET SITT VEDTAK OM PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Sakspapir frå kontrollualsekretariatet datert 10. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Giske kontrollutval bestillar ein prosjektplan innanfor temaet «ressursbruk i grunnskuleopplæringa» som grunnlag for ein forvaltningsrevisjon rapport. Prosjektplanen skal leverast på neste møte i Giske kontrollutval (planlagt til tysdag 9. februar 2021) og være grunnlaget for bestilling av endeleg rapport.

SAK 22/20 PLAN FOR EIGARSKAPSKONTROLL FOR GISKE KOMMUNE

Sakspapir frå kontrollualsekretariatet datert 10. november 2020

Framlegg frå kontrollutvalsekretariatet:

Kontrollutvalet sluttar seg til det framlagte forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2023.

Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.

Leiar Dag Oksnes fremma på vegne av utvalet eit nytt punkt 4.

Kommunestyret ønskjer ei årleg sak om oppdatering av kommuna si eigarskapsmelding.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka sendast kommunestyret med slik innstilling til vedtak:

1. Kommunestyret vedtar plan for eigarskapskontroll 2020-2023.
2. Kontrollutvalet får fullmakt til å gjere endringar i planen. Ei slik eventuell justering av planen bør bygge på eventuelle endringar i risikobiletet og dei signal som kjem fram i eigarskapsmeldinga.
3. Kontrollutvalet bør prioritere å være med på eigarskapskontrollar som blir initiert av andre kontrollutval i selskap som ein eig saman.
4. Kommunestyret ønskjer ei årleg oppdatering av kommuna si eigarskapsmelding.

SAK 23/20 MØTEPLAN FOR GISKE KONTROLLUTVAL 2021

Sakspapir frå kontrollualsekretariatet datert 10. november 2020

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet i Giske kommune vedtar følgande møter for kalenderåret 2021:

tysdag 9. februar, tysdag 6. april, tysdag 25. mai, tysdag 31. august, tysdag 9. november

Møtet var slutt kl. 14.30

Dag Oksnes	Asbjørn Furnes	Herman R. Blindheim	Sissel Anita Roald	Inger Johanne Sund
leiar	nestleiar	medlem	medlem	medlem
(sign.)	(sign.)	(sign.)	(sign,)	(sign.)